

**SJUKEHUSAKSJONEN / AKSJONSGRUPPA FOR
NORDFJORD SJUKEHUS.**

Stadlandet 18.01.2011

v/Svein Hansen 6750 Stadlandet.

E-post: bsveinh@start.no

Telef.57 85 95 26 mobil 91 86 57 89

Helse - og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep.

0030 OSLO.

Fråsegn til nasjonal helse og omsorgsplan 2011-2015, ny folkehelselov og ny kommunal helse- og omsorgslov.

Vi har fylgt saka om Nordfjord sjukehus i åtte år og kjenner sjukehuset sin plass i helsetilbodet for Nordfjord betre enn dei fleste.

Vi viser til dei utallige møter og brev frå vår side i desse åra når det gjeld helsetilbodet for Nordfjord, ved og oppretthalde Nordfjord sjukehus med fødeavdeling og dei funksjoner som er og som må vere ved eit lokalsjukehus i framtida.

Vi viser til : vårt vedlegg i saka.

Viser til mindretalsframlegget frå H, Frp, V, KrF og Gunnvor Sunde i Sogn og Fjordane fylkesting den 17.01.2011 der dei mellom anna sa: Lokalsjukehusa må innehalde akutfunksjonar og eit fødetilbod på minimum tilsvarande dagens nivå .Ein bør også ha andre funksjonar slik at ein får utnytte støttefunksjonane fult ut.

Viser til:

Brev frå Selje kommune , dagsett 14.01.2011. (innsendt)

Brev frå Vågsøy Kommune ,dagsett 12.01.2011.(innsendt)

Brev frå Eid kommune, dagsett 13.01.2011. (innsendt)

Brev frå Nordfjordsrådet, dagsett 18.01.2011_ (innsendt)

Vi viser elles til brev til Departementet / Helseminister Anne Grete Strøm- Erichsen frå Nordfjordsrådet ,kommunane, Legar i kommunane og frå legar og tilsette ved Nordfjord sjukehus.

Med helsing


Svein Hansen-

(sign)

Marit Nore Sørhaug -

(sign)

Oddvin Hansen .

(sign)

Knut Leirgulen- Reidun Blaallid- Magna Kvalheim- Gerd Endal

(sign)

(sign)

(sign)

(sign)

Vedlegg: Skriv til Helse- og omsorgsdepartementet.

Sjuehusaksjonen for Nordfjord sjukehus.

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO.

Fråsegn til nasjonal helse og omsorgsplan 2011-2015 , ny folkehelselov og ny Kommunal helse- og omsorgslov.

Vi ber Helse- og omsorgsdepartementet spesielt merke seg fyljande.

Behov for ein samla sjukehus-/behandlingsinstitusjonsplan for Nordfjord.

Sjuehusaksjonen vil t.d. peike på behovet for ein sjukehusplan for Nordfjordkommunane som må være ein del av Nasjonal helse og omsorgsplan.

Tid er ofte en kritisk faktor. Å ha gode og gjennomarbeidde rutinar i tilbodet må være en viktig faktor for å skape tryggleik i helsetilbodet, og er spesielt viktig når det kjem til det akutte medisinske tilbodet.

Vi viser her til Nordfjord sjukehus som er ein viktig bidragsytar i dette og som er nemnt spesielt i sluttrapporten frå ei arbeidsgruppe som var nedsett av Helse og omsorgsdepartementet 27.oktober 2006.

”Lokalsjukehusene akuttfunksjoner i en samlet behandlingsskjede”. Arbeidsgruppa peiker på at nettopp kunnskap og erfaringar innan tilpassa akuttfunksjonar og dette driftskonseptet bør innhentas og utredast nærmare. Erfaringar på dette området er nemnt sjukehuset i Mosjøen og på Nordfjordeid.

Når det gjelder minstekrav til innhald ved Nordfjord sjukehus viser vi til tidligare skriv frå Nordfjordrådet, kommunane i Nordfjord, uttale frå kommunelegane i Nordfjordregionen og skriv frå tilsette og overlegar ved Nordfjord sjukehus.

Desse krava er tufta på Soria Moria- erklæringa der lokalsjukehuset skal være ein tryggleiksbase. Og der tryggleik står sentralt når det gjelder øyeblikkelig hjelp, og som sikrar nærhet til akuttfunksjonar og fødetilbod og likeverdige helsetenester .

Viser her til lov om pasientrettar der det kjem fram at alle pasientar har krav på øyeblikkelig hjelp ,fj. §2-1 første ledd.

Viser også til Legeforeninga si uttale om at” minstekravet til et lokalsjukehus må være akuttberedskap innan indremedisin, generell kirurgi og anestesi, samt tilgang til kliniske - kjemiske og radiologiske tenester”.

Det må takast geografiske omsyn i område med spreidd busetnad og store avstandar.

Nokre kommunar er truleg for små til å kunne bygge opp egne tenester på ulike område, men kommunane ønskjer ikkje nye interkommunale/kommunale institusjonar og forvaltingsnivå.

NY LOV OM KOMMUNALE HELSE-OG OMSORGSTENESTER.

4.1 Grunnleggande verdier og prinsipp.

Grunnleggande verdier og prinsipper. (4.1. føringar for forslag til ny lovregulering).

Sitat:” De overordnede målsettingene for helse- og omsorgstjenestene ligger fast:

Befolkningen skal sikres lik tilgang til gode og likeverdige helse -og omsorgstjenester, uavhengig av diagnose eller behov ,alder ,kjønn ,personlig økonomi og ”**bosted**”. Disse og andre grunnleggande verdier ligger nedfelt i regelverket for helse -og omsorgstjenesten i dag . Disse skal videreføres i ny lov.” Sitat slutt.

NY LOV OM KOMMUNALE HELSE-OG OMSORGSTENESTER.

Sitat: "Lovforslaget tydeliggjør kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester i form av et såkalt "sørge- for - ansvar", jf. nærmere om dette i kap. 10. Den foreslåtte reguleringen vil innebære en tydelig ansvars plassering, uten at kommunen samtidig pålegges bestemte måter å organisere tjenestene på eller pålegges bruk av nærmere bestemte profesjonsgrupper. I henhold til forslaget vil kommunen bli gitt stor frihet til selv å velge hvordan ansvaret oppfylles." Sitat slutt.

Det må derfor presiserast at etter sjukehusaksjonen si oppfatning vil det være viktig at prinsippet om fridom til sjølv å velje, blir bærande i den nye organiseringa.

Det er også på sin plass og peike på at skal ein legge vekt på grunnleggande verdiar og prinsipp, er det som er nemnt her **viktig** for at Nordfjord skal ha et godt helsetilbod i framtida.

Stadlandet den 18.01.2011

Sjukehusaksjonen for Nordfjord sjukehus

Svein Hansen

Svein Hansen

(sign.) leiar.